



Arkivnr: 2015/5869-90

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		28.05.2019

**Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 1.mai 2019****Samandrag**

I Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett for 2019 er det sett av 1 600 000 kr til tilskotsordninga for lokale trafikksikringsarrangement. Ordninga har tre fristar i året, og etter fristen 15.januar vart det gitt tilsegn på til saman 643 800 kr til 19 arrangement. Det betyr at det gjenstår 956 200 kr til denne og neste tildeling. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, altså til trafikantretta tiltak, ikkje fysiske tiltak. Det er eit viktig prinsipp at FTU skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Til søknadsfristen 1.mai 2019 kom det inn ti søknader, med ein samla søknadssum på 352 000 kr. Fylkesrådmannen vurderer at ni søknader kvalifiserer til støtte og innstiller på at det blir delt ut 259 000 kr til desse. Midlane blir fordelt på bakgrunn av kriteria vedtatt i PS 42/2018, som mellom anna vektlegg den trafikkfaglege kvaliteten, kor mange deltakarar det er på arrangementa og om dei finn stad i ein trafikksikker kommune.

**Økonomi:** Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet

**Klima:** Trafikkopplæring og kjensle av tryggleik er grunnleggande føresetnader for at dagens barn og unge vel gange og sykkel føre bil når dei veks til.

**Folkehelse:** Same føresetnader som nemnt ovanfor er viktig for at barn og unge skal ferdast til fots eller på sykkel til og frå skule og fritidsaktivitetar

**Regional planstrategi:** Satsing på trafikkopplæring og tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder er viktig for å styrke konkurransekrafta til gange og sykkel som klimavenlege transportformer.

**Forslag til vedtak**

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordelar midlar til lokale trafikksikringsarrangement slik:

Søker	Namn på arrangement	Søknadssum	Totale utgifter	Tilskot
Odda VGS	Trafikktryggleiksdag	Kr 5 000	Kr 10 000	Kr 5 000
Bømlo kommune	Sykkelkids	Kr 30 000	Kr 30 000	Kr 30 000
Kløvheim bygdelag	Refleksjakten 2019	Kr 25 000	Kr 75 000	Kr 25 000
FAU Liland skole	Temadager – Å ferdes trygt i trafikken	Kr 40 000	Kr 55 000	Kr 32 000
FAU Hetlevik skole	Prosjekt sykkelopplæring Hetlevik skole	Kr 30 000	Kr 60 000	Kr 24 000

Ettertankens dag Hordaland	Trafikksikkerhetsdagen 2019	Kr 50 000	Kr 166 500	Kr 44 000
Stord kommune	Trygg på sykkel i Stord kommune - Sykkelkids	Kr 30 000	Kr 30 000	Kr 30 000
FAU Garnes skule	Trafikksikkerhetsdag ved Garnes skule	Kr 30 000	Kr 42 000	Kr 24 000
FAU Alversund skole	Refleksaksjon Alversund skule	Kr 45 000	Kr 67 000	Kr 45 000
<b>Total</b>		<b>Kr 352 000</b>	<b>Kr 602 500</b>	<b>Kr 259 000</b>

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### **Fylkesrådmannen, 06.05.2019**

##### **Bakgrunn**

I Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett for 2019 er det sett av 1 600 000 kr til tilskotsordninga for lokale trafikksikringsarrangement. Det er til saman tre fristar i året for denne ordninga, og etter fristen 15.januar vart det gitt tilsegn på til saman 643 800 kr til 19 arrangement. Det betyr at det gjenstår 956 200kr til denne og neste tildeling. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, altså til trafikantretta tiltak, ikkje fysiske tiltak. Det er eit viktig prinsipp at FTU skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Tilskotsordninga har eksistert sidan 2011, og vi har observert stadig aukande tal på søknader. Innan fristen 1.mai 2019 kom det inn 10 søknader til lokale trafikksikringsarrangement, med ein samla søknadssum på 632 000 kr.

Ein oversikt over innkomne søknader gjennom denne ordninga viser følgjande:

2011: 11 søknader  
2012: 16 søknader  
2013: 15 søknader  
2014: 18 søknader  
2015: 18 søknader  
2016: 20 søknader  
2017: 27 søknader  
2018: 21 søknader  
2019: 31 søknader

Så langt i 2019 er det allereie kome inn 31 søknader fordelt på to søknadsfristar (15.jan og 1.mai). Det er fleire enn noko år tidlegare, men ikkje alle søknadane kvalifiserer til støtte under denne tilskotsordninga. Kriteria for ordninga vart vedteke av FTU i november 2018, PS 42/2018.

Kriteria for tilskotsordninga:

- Ved tildeling vektlegg vi trafikkfagleg kvalitet og kor sentralt haldningsskapande trafikksikringsarbeid står i arrangementet.
- Prioritet til trafikksikringsarrangement og trafikkopplæring i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet.
- Prioritet til frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafikktryggleiksarbeid.
- Vi vektlegg kor godt arrangementet treff fylkestrafikksikringsutvalet sine tre satsingsområde.
- Kor breitt eit arrangement når ut, vert vurdert opp mot storleiken på søknadssummen.
- Arrangementet skal finne stad i Hordaland.
- Tilskotet kan ikkje nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter.
- Det er krav til eigendel på minimum 25 prosent dersom kostnaden til arrangementet overstig 30 000 kr.
- Det er mogleg å søke midlar til arrangement som blir gjennomført før sak om tildeling blir handsama politisk.
- Tilskotsmottakarar skal rapportere på bruken av midlane.
- Fylkesrevisjonen kan setje i verk kontroll med at tilskotet er nytta slik det var føreset.
- Dersom tilskotsmottakar gjev misvisande opplysningar eller ikkje brukar tilskotet i samsvar med vilkåra vil tilskotet verte avkorta/inndrage.

#### Oversikt over søknadane av 1.mai 2019

Søker	Namn på arrangement	Søknadssum	Totale utgifter	Tilskot	Kommune
Odda VGS	Trafikktryggleiksdag	Kr 5 000	Kr 10 000	Kr 5 000	Odda
Bømlo kommune	Sykelkids	Kr 30 000	Kr 30 000	Kr 30 000	Bømlo
Kløvheim bygdelaag	Refleksjakten 2019	Kr 25 000	Kr 75 000	Kr 25 000	Lindås
FAU Liland skole	Temadager – Å ferdes trygt i trafikken	Kr 40 000	Kr 55 000	Kr 32 000	Bergen
Bømlo røde kors	Oppgradering av lysutstyr - Redningsbil	Kr 67 000	Kr 67 000	Kr 0	Bømlo
FAU Hetlevik skole	Prosjekt sykkelopplæring Hetlevik skole	Kr 30 000	Kr 60 000	Kr 24 000	Askøy
Ettertankens dag Hordaland	Trafikksikkerhetsdagen 2019	Kr 50 000	Kr 166 500	Kr 44 000	Bergen
Stord kommune	Trygg på sykkel i Stord kommune	Kr 30 000	Kr 30 000	Kr 30 000	Stord
FAU Garnes skule	Trafikksikkerhetsdag ved Garnes skule	Kr 30 000	Kr 42 000	Kr 24 000	Bergen
FAU Alversund skole	Refleksaksjon Alversund skule	Kr 45 000	Kr 67 000	Kr 45 000	Lindås
<b>Total</b>		<b>Kr 352 000</b>	<b>Kr 602 500</b>	<b>Kr 259 000</b>	

Samla er det kome inn ti søknader på til saman 352 000 kr. Fylkesrådmannen vurderer ni søknader som kvalifiserte til stønad gjennom denne ordninga. Ein av søknadane omtaler tre mindre arrangement, tre av arrangementa er trafikksikkerhetsdagar, tre er sykkelopplæring, to er refleksaksjonar og eitt er fysisk tiltak på ein bil.

#### Odda Vgs – Trafikktryggleiksdag

Odda vidaregåande arrangerer årleg ein trafikktryggleiksdag for elevar ved fyrste trinn. I løpet av dagen skal elevane lære om fart, bilkjøring og rus. Skulen samarbeider med blålysetatane og Odda kommune om arrangementet. Blålysetatane opplyser om si rolle ved ein ulykkesituasjon og vegvesenet kjem for å sei noko om ulykkestatistikken. Dagen avsluttast med bildrop og påfølgjande redningsøving. Dei har søkt og

fått midlar til dette arrangementet tidlegare. Totalkostnaden på arrangementet er 10 000 kr, og dei har søkt om 5 000 kr som skal gå til leige av kran, bilvrak og opprydding. På grunn av høgt fagleg innhald på trafikktryggleiksdagen innstiller fylkesrådmannen på eit tilskot på 5 000 kr.

### **Bømlo kommune – Sykkelkids**

Bømlo kommune søker midlar til å gjennomføre sykkelopplæringa Sykkelkids på tre barneskular (Foldrøy, Våge og Gilje) i Bømlo. Sykkelkids er eit opplæringsprogram som har fått svært gode tilbakemeldingar, og som held høg kvalitet. Bømlo kommune søker om 30 000 kr som skal dekke eigenandelen til å gjennomføre programmet. Dei har søkt midlar til dette tidlegare. Bømlo er godkjent som Trafikksikker kommune. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

### **Kløyheim bygdelag – Refleksjakten 2019**

Kløyheim bygdelag arrangerer årleg «Refleksjakten» for barn. Barna får utdelt refleksvestar og lommelykter ved oppstart. Lommelyktene bruker barna til å leite etter refleksar i parken. Politi og Trygg Trafikk er med på arrangementet og forklarar og viser kor viktig det er å bruke refleks, det er med på å gi arrangementet ein god fagleg tyngde. Kløyheim bygdelag har søkt midlar til dette tidlegare, og arrangementet finn stad i Lindås kommune som er godkjent som Trafikksikker kommune. Arrangørane ser føre seg at det kan kome mellom 200 – 300 barn på arrangementet. Arrangementet har ein totalkostnad på 75 000 kr, til innkjøp av effektar og materialar. Servering og marknadsføring. Kløyheim bygdelag søker 25 000 kr frå FTU. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 25 000 kr.

### **FAU Liland skole – Temadager «Å ferdes trygt i trafikken»**

FAU ved Liland skole i Bergen kommune ønsker å arrangere eit tredelt prosjekt for å halde fokus på trafikksikkerheit gjennom heile året. I mai 2019 arrangerer dei «Venner på veien» for 1.-3. trinn, der fokuset er på samspelet mellom tungtrafikk og mjuke trafikantar langs skuleveg. I august/september skal dei arrangere «Sykkeldag» for 4.-7. trinn, med fokus på trygg ferdsel på sykkel langs skulevegen. I oktober skal dei markere refleksens dag for heile skulen, her er fokuset på refleksbruk og ferdsel i mørket. Det er mykje industri i området kring skulen, og difor også mykje tungtrafikk. FAU ved Liland skole ønsker difor meir fokus på trafikksikkerheit. Norsk lastebileigarforbund stiller opp og gir barna informasjon om kva ein bør tenke på når det er store lastebilar i område. På sykkel- og refleksdagen skal rekvisita frå Trygg Trafikk nyttast. Både lærarar og foreldre bidreg på arrangementa og det er ca. 260 elevar ved skulen. Det har ikkje vore søkt midlar til arrangementet tidlegare. FAU ved Liland skole søker om 40 000 kr til arrangementa, og har ein totalkostnad på 55 000 kr. Fylkesrådmannen innstiller på tilskot på 32 000 kr.

### **Bømlo Røde Kors – Oppgradering av lysutstyr - Redningsbil**

Bømlo Røde Kors har kjøpt Bømlo Brann og Redning sin gamle redningsbil. Denne bilen har lys som ikkje er tillat for sivil bruk, og Røde Kors må, etter forskriftene, bytte lysa på bilen for å kunne bruke den. Kjøp og montering av nye lys kostar 67 000 kr, og dei har søkt om 67 000 kr for å gjere dette. Fylkesrådmannen innstiller på at Bømlo Røde Kors ikkje får tilskot til dette, då det ikkje er eit arrangement og fell utanfor kriteria for tilskotsordninga. Bømlo Røde Kors er velkomne til å søke midlar dersom dei skal arrangere eit trafikksikringsarrangement i framtida.

### **FAU Hetlevik skule – Prosjekt sykkelopplæring**

FAU på Hetlevik skule i Askøy kommune ønsker å ha ei storsatsing på sykkelopplæring for 4.-7. klasse. Det skal vere både teoretisk og praktisk sykkelopplæring, sykkelverkstad og fokus på refleks og lysbruk på sykkelen. Dei ønskjer å kjøpe inn materiale til sykkelverkstad og reknar med å ha utgifter på 60 000 kr. FAU på Hetlevik skule har ikkje søkt midlar til dette tidlegare. Frå FTU Hordaland søker dei 30 000 kr. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 24 000 kr.

## **Ettertankes dag Hordaland – Trafikksikkerhetsdagen 2019**

Stiftinga Ettertankens dag i Hordaland arrangerer kvart år ein trafikksikringsdag i Bergen sentrum. Med seg på laget har dei Statens Vegvesen, Helse Bergen, blålysetatane, NCF, NLF, Skyss, røde Kors, NAF, NAF MC, BIR, Bymiljøetaten i Bergen kommune, Personskadeforbundet og Trygg Trafikk. På festplassen skal det vere informasjon om kva ein kan gjere sjølv for å sikre ein meir trafikksikker kvardag, og det blir demonstrert korleis redningsetatane jobbar når trafikkulykker oppstår. Ettertankes dag Hordaland har søkt midlar for å arrangere trafikksikringsdag tidlegare, og i fjor fekk dei 32 000 kr. Midlane skal elles gå til materiell, teltleige, underhaldning for barn, lyd, bilvrak, møteverksemd og annonser. I år har dei søkt om 50 000 kr ettersom dei har eit ekstra behov for å kjøpe inn informasjonsbanner som kan nyttast kvart år. Totalkostnaden for arrangementet er 166 500 kr. Arrangementet held høg fagleg kvalitet og når ut til eit breitt spekter av menneske. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 44 000 kr.

### **Stord kommune – Trygg på sykkel i Stord kommune**

Stord kommune søker midlar til å gjennomføre sykkelopplæringa Sykkelkids på tre barneskular. Sykkelkids er eit opplæringsprogram som har fått svært gode tilbakemeldingar, og som held høg kvalitet. Stord kommune søker om 30 000 kr som skal dekke eigenandelen til å gjennomføre programmet. Dei har søkt midlar til dette tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

### **FAU Garnes skule – Trafikksikkerhetsdag ved Garnes skule**

FAU ved Garnes skule ønskjer å arrangere ein trafikksikkerhetsdag ved skulen, som har totalt 300 elevar. Trafikksikkerhetsdagen skal markere avslutninga av trafikksikkerhetsveka ved skulen, samt markere starten på ein reflekskampanje. Det er mange offentlege vegar kring skulen, og ein av vegane er omkjøringsveg dersom Arnanipatunnelen er stengd, og er difor tidvis svært trafikkert. På dagen skal dei nytte Trygg Trafikk sitt materiell, og lastebileigarforbundet kjem for å lære elevane om blindsoner. FAU ved Garnes skule har ikkje søkt midlar til dette arrangementet tidlegare. Dei søker 30 000 kr. Utgiftene går til materiell, servering, refleksar, premiar og foredragshaldarar, totalkostnaden er venta å kome på 42 000 kr. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 24 000 kr.

### **FAU Alversund skule**

FAU ved Alversund skule skal arrangere ein haustaksjon for å mobilisere til refleksbruk i den mørke årstida. Politiet og det kommunale trafikksikringsutvalet er invitert til å delta på arrangementet. Det er ikkje søkt midlar til dette arrangementet tidlegare. Lindås er godkjent som Trafikksikker kommune, og den faglege kvaliteten på arrangementet blir ivaretatt gjennom samarbeid med Politiet. Skulen har over 300 elevar og arrangemnetet når difor ut til mange. Totalkostnaden for arrangementet er 67 000 kr som går til innkjøp av refleksar og arbeidstimar. Dei søker om 45 000 kr til å dekke innkjøp av refleksar. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 45 000 kr.

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Det er svært gledeleg at så mange søker midlar til å arrangere lokale trafikksikringsarrangement, då det sikrar aktivitet i heile fyket. Fire av dei ni som mottar støtte har ikkje søkt midlar tidlegare, noko som kan tyde på at ordninga begynner å bli godt kjend.

Ordninga fekk eit løft i 2019, med budsjett på 1 600 000. Etter denne tildelinga gjenstår det 661 200 kr av potten. Det vil bli gjort eit arbeid frå fylkesadministrasjonen si side for å marknadsføre ordninga fram mot siste frist i september.